

POST 3

SPEIDERLØYPEN OG SMÅSPEIDERLØYPEN



Bygg ei bru

Utstysliste:

- 2 stk stolar eller boksar som brua skal byggjast mellom
- 1 stk meterstokk eller lite målband.
- Ca 1/2 pakke spagetti pr/patrulje.
- 1 rull tape pr/patrulje (helst elektrikutape, men vanleg papirtape kan også brukast)
- 1 A4-ark pr patrulje
- 1 eple
- 1 saks

På Vestlandet har vi mange bruer – og enkelte av dei er slanke, lange og vakre byggverk. I denne posten skal patruljen få vise kor gode dei er til å bygge sterkt – sjølv om dei utdelte materialane er veldig spinkle.

Poenget er nemleg å byggje brua med spagetti.

Patruljen skal byggje ei bru på 45 cm lengde (**35 cm for småspeiderane**), sjølv om spagettien berre er 25 cm lang

Instruks:

- Plasser stolane/ boksane med avstand på 45cm, bruk meterstokken
- Bruk kun spagetti og tape til bygging av brua. Det er ikkje lov å bunte saman fleire spagetti-pinnar – det er kun lov å tape saman enkeltvis pinnar.
- Når brua er ferdig – klipp til eit papirark med same breidde som brua, og legg på langs av brua.
- Ta bilde nr 1.
- Så skal du sjekke kva brua toler:
 - 4 poeng for at brua toler seg sjølv, utan vekt
 - 3 poeng for at brua toler vekta av taperullen
 - 3 poeng for at brua toler vekta av eit eple
 - (max 10 poeng)
- Ta bilde nr 2, som viser kva brua toler